

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Hovden	FA - M00	14/411

Saknr	Utval	Type	Dato
026/14	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	12.03.2014
14/2014	Formannskapet	PS	05.03.2014
017/14	Heradsstyret	PS	29.04.2014

### Krav om tilkopling til kommunale vass- og avlaupsleidningar

#### Vedlegg:

Utdrag frå plan- og bygningslova kap 27

#### Framlegg til vedtak:

"Grensa for kva som er innanfor "nærliggende areal" i plan- og bygningslova §§ 27-1, 2. ledd, 1. punktum og 27-2, 2. ledd, 1. punktum vert sett til 200 meter frå påvist tilkoplingspunkt på kommunal leidning til aktuell bygning som ligg på eigedom. Avstandsgrensa vert multiplisert med talet på bygningar dersom kommunen stiller krav om samordna tilkopling til kommunale leidningar."

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

I samband med oppføring av bygning er det krav i plan- og bygningslova om at bygningen skal ha tilgang til forsvarleg hygienisk trygt og tilstrekkeleg drikkevatt og sløkkevatt, jf. plan- og bygningslova § 27-1, 1. ledd, 1. punktum. Det same gjeld oppretting eller endring av eigedom, jf. plan- og bygningslova § 27-1, 1. ledd, 2. punktum.

Dersom offentleg vassleidning går over eigedomen eller i veg som støyter til eigedomen, eller over nærliggande areal, skal bygning som ligg på eigedomen knytast til vassleidningen, jf. plan- og bygningslova § 27-1, 2. ledd, 1. punktum. Reglane gjeld og for eksisterande byggverk, jf. plan- og bygningslova § 27-1, 4. ledd.

Det er vidare krav om at bortleiing av avløpsvatt skal vere sikra i samsvar med ureiningslova før oppretting eller endring av eigedom som skal nyttast til bygging eller før oppføring av bygning vert godkjend, jf. plan- og bygningslova § 27-2, 1. ledd, 1. punktum.

Dersom offentleg avløpsleidning går over eigedommen eller i veg som støyter til eigedomen, eller over nærliggande areal, skal bygning som ligg på eigedommen knytast til

avløpsleidningen, jf. plan- og bygningslova § 27-2, 2. ledd, 1. punktum. Reglane gjeld og for eksisterande byggverk, jf. plan- og bygningslova 27-2, 4. ledd.

Det går ikkje fram av plan- og bygningslova kva som er "nærliggende areal" i §§ 27-1, 2. ledd, 1. punktum og 27-2, 2. ledd, 1. punktum.

### **Vurdering**

Rådmannen legg til grunn at kommunen dermed kan fastsetje ei grense sjølv. Rådmannen vurderer at avstand frå påvist tilkoplingspunkt til aktuell bygning kan vere inntil 200 meter for å kome inn under omgrepet "nærliggende areal" i plan- og bygningslova §§ 27-1, 2. ledd, 1. punktum og 27-2, 2. ledd, 1. punktum. Avstandsgrensa vert multiplisert med talet på bygningar dersom kommunen stiller krav om samordna tilkopling til kommunale leidningar.

Dersom kravet om tilkopling til kommunal leidning etter kommunen sitt skjønn vil vere forbundet med "uforholdsmessig stor kostnad", eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei anna ordning, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1, 2. ledd, siste punktum og 27-2, 2. ledd, siste punktum.

Rådmannen legg til grunn at det skal vurderast i kvar enkelt sak dersom heimelshavar ber om fritak for tilkopling til offentleg vass- og/eller avløpsleidning på grunnlag av "uforholdsmessig stor kostnad" eller andre særlege omsyn.

Rådmannen vurderer at det kan vere høve til å fastsetje ei generell grense for kva som vil vere klart "uforholdsmessig stor kostnad", men er kritisk til ei slik løysing, dersom det skal fastsetjast eit kronebeløp.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at grensa for kva som er innanfor "nærliggende areal" i plan- og bygningslova §§ 27-1, 2. ledd, 1. punktum og 27-2, 2. ledd, 1. punktum vert sett til 200 meter frå påvist tilkoplingspunkt på kommunal leidning til aktuell bygning som ligg på eigedom. Avstandsgrensa vert multiplisert med talet på bygningar dersom kommunen stiller krav om samordna tilkopling til kommunale leidningar.

## **Formannskapet - 14/2014**

### **FS - behandling:**

Ingemar Tepstad, H, gjorde slikt framlegg om tillegg til vedtak: "... men likevel slik at enkeltavstand ikkje er over 200 m pr. abonnement.

Ingemar Tepstad, H, gjorde slikt framlegg om tillegg til framlegg til vedtak: "Dersom kravet om tilkopling til kommunal leidning etter kommunen sitt skjøn vil vere "forbundet med uforholdsmessig stor kostnad", eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei anna ordning, jf. plan- og bygningslova §§27-1, 2. ledd, siste punktum og 27-2, 2. ledd, siste punktum.

Jørgen Martin Sandal, SP, gjorde slikt framlegg om tillegg til nytt avsnitt: "Normalkostnad for 200 m grøft vil verta lagt til grunn ved kommunen si vurdering."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg med slike tillegg som foreslått i møtet vart samrøystes tilrådd.

#### **FS - vedtak:**

"Grensa for kva som er innanfor "nærliggende areal" i plan- og bygningslova §§ 27-1, 2. ledd, 1. punktum og 27-2, 2. ledd, 1. punktum vert sett til 200 meter frå påvist tilkoplingspunkt på kommunal leidning til aktuell bygning som ligg på eigedom. Avstandsgrensa vert multiplisert med talet på bygningar dersom kommunen stiller krav om samordna tilkopling til kommunale leidningar, men likevel slik at enkeltavstand ikkje er over 200 m pr. abonnement.

Dersom kravet om tilkopling til kommunal leidning etter kommunen sitt skjøn vil vere "forbundet med uforholdsmessig stor kostnad", eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei anna ordning, jf. plan- og bygningslova §§27-1, 2. ledd, siste punktum og 27-2, 2. ledd, siste punktum. Normalkostnad for 200 m grøft vil verta lagt til grunn ved kommunen si vurdering."

#### **Plan- og kommunalteknisk utval - 026/14**

#### **PL - behandling:**

Knut Riple, FRP, gjorde slikt framlegg om tillegg til framlegg til vedtak: "Dersom eigedomen har tilgang til godkjent vatn, vert det ikkje kravd tilkopling til offentleg vassforsyning. Dette gjeld ikkje for avlaup."

#### **AVRØYSTING**

Formannskapet sitt framlegg - samrøystes

Knut Riple sitt framlegg - fall med 4 røyster (3AP,1H)  
mot 1 røyst (1FRP)

## **PL - vedtak:**

"Grensa for kva som er innanfor "nærliggende areal" i plan- og bygningslova §§ 27-1, 2. ledd, 1. punktum og 27-2, 2. ledd, 1. punktum vert sett til 200 meter frå påvist tilkoplingspunkt på kommunal leidning til aktuell bygning som ligg på eigedom. Avstandsgrensa vert multiplisert med talet på bygningar dersom kommunen stiller krav om samordna tilkopling til kommunale leidningar, men likevel slik at enkeltavstand ikkje er over 200 m pr. abonnement.

Dersom kravet om tilkopling til kommunal leidning etter kommunen sitt skjøn vil vere "forbundet med uforholdsmessig stor kostnad", eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei anna ordning, jf. plan- og bygningslova §§27-1, 2. ledd, siste punktum og 27-2, 2. ledd, siste punktum. Normalkostnad for 200 m grøft vil verta lagt til grunn ved kommunen si vurdering."

## **Heradsstyret - 017/14**

### **HS - behandling:**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Dei eigedomane som har tilgong til godkjend vatn skal ikkje vera pliktige til å kopla seg på kommunal vassleidning. Vil kostnaden for private overstiga kr 80.000,- skal Osterøy kommune vera med å dekkja det overskytande. Dette gjeld vanlege bustader. Når det gjeld kloakkspreiing bør alle som ligg innanfor 200 meter frå den kommunale kloakkleidningen kopla seg på."

### **AVRØYSTING**

#### **Alternativ avrøysting**

Formannskapet sitt framlegg	-	21 røyster (9AP,2KR,3SP,6H,1V)
FRP sitt framlegg	-	5 røyster (5FRP)

### **HS - vedtak:**

"Grensa for kva som er innanfor "nærliggende areal" i plan- og bygningslova §§ 27-1, 2. ledd, 1. punktum og 27-2, 2. ledd, 1. punktum vert sett til 200 meter frå påvist tilkoplingspunkt på kommunal leidning til aktuell bygning som ligg på eigedom. Avstandsgrensa vert multiplisert med talet på bygningar dersom kommunen stiller krav om samordna tilkopling til kommunale leidningar, men likevel slik at enkeltavstand ikkje er over 200 m pr. abonnement.

Dersom kravet om tilkopling til kommunal leidning etter kommunen sitt skjøn vil vere "forbundet med uforholdsmessig stor kostnad", eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei anna ordning, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1, 2. ledd, siste punktum og 27-2, 2. ledd, siste punktum. Normalkostnad for 200 m grøft vil verta lagt til grunn ved kommunen si vurdering."

